



Alver kommune  
Sendt til:  
[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Vår referanse:  
102740/2338653

Ansvarlig advokat:  
Christian S. Mathiassen

Dato:  
14. mars 2022

## MERKNAD TIL STATENS VEGVESEN SITT BREV – REGULERINGSPLAN FOR E39 VIKANE-EIKANGERVÅG

### 1. Innleiing

Vi viser til klage på reguleringsplan for E39 Vikane-Eikangervåg, planID 1263-201804, som vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 09.02.2022, der følgjande vedtak vart fatta:

*APM utvalet utset saka og ber om meir utgreiing rundt gjennomføring av undergang opp mot avbøtande tiltak med tanke på dei lovnadane klagar har fått av Statens vegvesen.*

Med grunnlag i dette bestilte Alver kommune ei utgreiing frå Statens vegvesen i høve undergang for beitedyr, gåande og landbruksmaskiner målt opp mot bruk av gang- og sykkelsti.

Statens vegvesen svarte følgjande i brev datert 10.03.2022:

*«\*2) Det er ikkje plass i dette området (ved krysset) til å lage naudsynte ramper med stigning som stettar krava til universell utforming gitt i regelverket. Det er no lagt inn i planen eit 1,0 meter breitt planert areal utafor rekkverket på austsida av E39. Dette kan nyttast til å gå på langs E39 mellom vegen til Fyllingsneset og det nye gangvegssystemet vis a vis bensinstasjonen. Jamvel om det anbefalast å gå langs hovudvegen på tilrettelagd areal på utsida av rekkverket, er det likevel mogleg å kryssa E39 ved Fyllingsnesvegen, for å koma til det nye gangvegssystemet på andre sida.»*

Vidare ser ikkje vegvesenet at kommunen kan be om utgreiing i staden for å handsame klaga, då slik utgreiing vil medføre auka kostnader og utsatt framdrift av prosjektet.

Vår påstand er at APM må ta klage frå Fyllingsnes til følgje og krevje trafikksikker kryssing av E39 frå Fyllingsnesvegen. Subsidiært må det krevjast at Fyllingsnes får erstatta utgifter til dyretransporthengar. Vi vil grunngje vår påstand under.

---


**Harris Advokatfirma AS**  
Dreggsallmenningen 10/12  
5003 Bergen  
NO 921 027 583 MVA

Postboks 4115 Sandviken  
5835 Bergen  
Tlf.: 55 30 27 00

Den norske advokatforening  
Globaladvocaten  
Advocatia

## 2. Reguleringsplanen syt ikkje for trafikksikker kryssing av E39 for mjuke trafikantar ved Fyllingsnesvegen

Reguleringsplanen er vedteke med gang- og sykkelveg nord for E39, og areal for busstopp i retning Knarvik er plassert ved blå markering på kartet under. Det er ikkje lagt opp til sikker kryssing av E39 for mjuke trafikantar som skal frå Fyllingsnesvegen til busstoppet for å ta buss mot Knarvik.



Dette inneber at mjuke trafikantar frå Fyllingsnes, som skal med buss mot Knarvik, må gå austover mot bensinstasjonen, på sørsida av E39 der det ikkje er gang- og sykkelveg, for så å krysse E39 via det regulerte gangsystemet og gå sørover igjen mot Knarvik for å kome til kollektivanlegget ved o\_SKA1. Det er lagt opp til planering og gruslegging av ein 1 meter brei flate på dette strekket, sør for E39, slik:

### 5.6.3 o\_SVG10 og o\_SVG16

I områda o\_SVG10 og o\_SVG16 vert det planert og gruslagt ei 1,0 meter brei flate på utsida av vegrekkverket. Denne flata kan nyttast av skuleborn og andre fotgjengarar frå Fyllingsnesvegen og mot gangvegssystemet ved undergangen, dersom dei ikkje ynskjer å kryssa E39 ved kryss til Fyllingsnesvegen.

For det første er det ingen rekkefølgekrav i planen som sikrar at slik planert og gruslagt felt vert opparbeida.

For det andre kan det stillast spørsmål ved om eit slikt gangområde kan vinterbrøytast.

For det tredje så er det naturleg at ein tek snaraste vegen til busshaldeplassen. Snaraste vegen er å krysse E39 direkte frå Fyllingsnesvegen, slik som også vegvesenet legg opp til som alternativ. Vi kan ikkje skjønne at vegvesenet kan legge fram dette som eit alternativ. Dette er midt i ein sving og er eit farleg alternativ. I tillegg er det direkte i strid med planomtalen for reguleringsplanen, som angjev betre trafiktryggleik og ei auke i talet på mjuke trafikantar i området som eit samfunns mål.

På bakgrunn av dette meiner vi at kommunen må be vegvesenet om å synleggjere betre korleis dei meiner at mjuke trafikantar er ivareteke frå krysset ved Fyllingsnesvegen og til busshaldeplassen mot sør. Først då vil saka vere tilstrekkeleg opplyst til at kommunen kan ta stilling til klage frå Fyllingsnes.

### **3. Reguleringsplanen syt ikkje for trafikksikker kryssing av E39 fram til Fyllingsnes sin eigedom**

Fyllingsnes må krysse E39 når han skal fram til landbruksarealet sitt på nordsida av fylkesvegen. Arealet er slåttemark, skogsareal og beiteareal for sau. Dette inneber at Fyllingsnes må kunne frakte sauene frå driftsbygningen og over til beitearealet, samt at han må sikrast tilkomst med landbruksmaskiner til slåttemarka og med tømmerbil ved hogst.

Statens vegvesen fekk på 1980-talet pålegg frå vegdirektoratet om å opparbeide landbruksundergang eller bru over vegen. Dette vart lagt inn i vegplanen Mundal-Eikanger og i reguleringsplan for Vikane-Eikanger bru frå 1996, men vart aldri bygd og er no teke ut frå vedteken reguleringsplan.

Vår påstand er at Fyllingsnes ikkje har sikra tilstrekkeleg tilkomst til landbruksarealet nord for fylkesvegen slik planen er godkjent.

### **4. Avslutning**

Reguleringsplan for E39 Vikane-Eikangervåg har ikkje lagt opp til ei trafikksikker kryssing for mjuke trafikantar og sauene til Fyllingsnes frå Fyllingsnesvegen og over E39.

Vi ber kommunen om å ta klaga til følgje og setje vilkår om at det må regulerast for ei trafikksikker kryssing for mjuke trafikantar og sauene til Fyllingsnes over E39.

Subsidiært må kommunen ta klaga til følgje og setje vilkår om at det må regulerast for bru over E39 for mjuke trafikantar og setjast vilkår om at Fyllingsnes får erstatta utgifter til dyretransporthengar.

Med vennlig hilsen  
Harris Advokatfirma AS



Marianne Aadland Sandvik  
Advokatfullmektig  
mas@harris.no  
911 17 651